

Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 5. Juni 2018.

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland

Møtetype: Styremøte

Deltakarar: Eva Bjelland, Aina Sunde Dahl, Anita Midthun, Ketil Simonsen, Hans Hodne, og Rut Salte. Kopi av Referat til Elisabeth Førland.

Sak ein: Gått igjennom referat frå forrige møte-ok. Kommentarar angåande Rs:

- Det vart vedteke ein auke i medlemsavgifta på kr 20.
- Frisørkurs for hundefrisørar, kan hende ikkje så dumt likevel. Invitera klubben til å halda trimmekurs hjå ein hundefrisør, med frisøren som deltakar?
- Kvalpekurs for spaniels. Det lagast eit opplegg for å utdanna instuktørar, slik me forstår det.
- Dommarkonferansar. Me etterlyste info om kva som foregår på desse konferanane. Eit referat eller noko slikt i det minste. Dette tok hovudstyre til seg, og vil gjera noko med.
- Fritak for fullcert ordninga vart nedstemt.
- Kvalpeprisar, vart bestemt at ikkje var hovudstyret sin sak.
- Spesialdommarar på utstilling? Her vart henvist til Bente, som har god oversikt over dommarar.

Ellers på spørsmålet om me vil arrangera hovudutstilling, så må det bestemast om eit år, men ein bør byrja å tenka over om det eventuelt då skal verte enkel, dobbel, eller kanskje trippel utstilling.

Sak to: medlemmar/økonomi. Medlemstalet held seg stabilt. Det er for ei god stund sidan søkt om støtte frå HS, men det kjem ikkje noko svar.

Sak tri: Aktivitetskalendaren.

- Spanieltreffa held på, og med bra oppmøte.
- Vatnrapport er og i gang på horve.
- Jaktanleggsprøvar: ser så langt ut til å verta mange påmeldte.
- Utstillingstreningar: Er i gang.
- Matchshow: Litt usikkert om det vert noko av. Utstillingskomiteen finn ut av det.
- Pelsstellkurs har vært på Tjelta og Haugesund.
- Sauekurs: Fyrste halvdel av august.
- jaktpørvar både her, og i Ølen er under kontroll.
- Familiedag på Horve: Tenka litt på kva ein kan bidra med til neste møte, av aktivitetar og slikt.
- Pølse/egg apport? Trena inn eit eller anna triks å visa fram. noko som skaper litt moro.
- Lydigheitskurs til hausten. Påmelding til Ketil, via deltakar.no
- Utstilling og kvalpeshow er annonser. Kunne me hatt det inne nokon stad? Varhaug, Voll, Figgjo, loen på Nærbø? Utstillingskomiteen sjekker opp litt om moglegheiter for å leiga hall.
- Hubertusprøve veit me ennå ikkje så mykje om. Må følgast opp.

Neste møte 14. August, hjå Ketil.